



*Hardanger / Voss kompetanseregion*  
*Vurderingsgruppa for barnehage*

# VURDERINGSRAPPORT

## BJØRGAMARKA BARNEHAGE



31. mars – 3.april 2008



## 1 – Føreord

### Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i gode erfaringar med skulevurdering og ynskje om å laga tilsvarende vurderingsprogram for barnehagar, vert det sett i gang eit prosjekt med utarbeiding av vurderingsverktøy for barnehage.

Grunngiving av behovet finn ein også i Rammeplan for barnehagen Kap. 4.3 Vurdering av arbeidet i barnehagen.

Rammeplanen seier: "Vurdering som blir gjort tilgjengeleg for andre, kan bidra til ein open og brei debatt om måla, innhaldet, oppgåvene og kvaliteten i barnehagen."

Vidare: "Systematisk vurderingsarbeid legg grunnlaget for barnehagen som lærande organisasjon".

Skule- og barnehage ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i barnehagen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at barnehagen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Lov om barnehagar §10 om kommunen sitt ansvar for tilsyn.

### Kven er vurderar?

Vurderingsgruppa er under oppbygging og er samansett av pedagogar i barnehagar frå Hardanger/Voss regionen. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og målet er at me skal vurdere dei kommunale barnehagane i regionen i løpet av 6 år.

Ingen vurderer barnehagar i eigen kommune.

### Progresjon i vurderingsarbeidet

- Barnehagen gjennomfører Ståstadsanalysen i god tid før vurderingsarbeidet tek til.
- Barnehagen vel eit fokusområde for vurdering i samsvar med resultat frå ståstadsanalysen
- Barnehagen sender resultatata frå ståstadsanalysen og bakgrunnsmateriell til vurderarane
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga av barnehagen. Utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy vert tilpassa det barnehagen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

### Rapporten

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar barnehagen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av barnehagen, men vera eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert.

Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta skal overførast til det interne vurderingsarbeidet barnehagen årleg arbeider med.



## 2 – Fakta om barnehagen

Bjørgamarka barnehage i Voss kommune er ein to avdelings barnehage med 41 barn i alderen eitt til fem år. Barna er delt i søskengrupper, 31 av barna har heiltidsplass medan 10 barn har deltidsplassar.

Bjørgamarka barnehage har 12 tilsette medan tal på årsverk er 9,13. Styrar har 100% stilling, 75% administrativ del og 25% på avdeling. Kvar avdeling har ein pedagogisk leiar i 100% stilling. I tillegg har avdelinga, Røsslyng tre assistentar i til saman 200% stilling. Avdelinga Myrull har to assistentar i 180% stilling i tillegg til styrar som dekker 20 % assistentstilling. Begge avdelingane har ein støttepedagog i 100% stilling. Elles har barnehagen reinhaldar i 33,3% stilling og vaktmeister som er innom ein fast dag i veka og kan tilkallast ved behov. Barnehagen samarbeider med Pedagogisk Psykologisk Teneste og har fått tildelt ressursar for barnehageåret 07/08.

Barnehagen stod ferdig i 1991 og har eit moderne bygg som er utforma til barnehageformål. Leikeplassen er for ein stor del naturtomt, men den er også tilrettelagt for sykling, sandleik, husking og klatring. Like utanfor gjerdet har barnehagen tilgang til lavvu og gapahuk. Tal rom og form, matematikken rundt oss, er satsingsområdet til Bjørgamarka barnehageåret 07/08.

Barnehagen sin visjon er:

*"Ein god og utviklande stad for borna, personalet og foreldra."*

## 3 – Vurderingstema

Bjørgamarka barnehage har bede om vurdering på følgjande tema: Barnas medråderett.

Barnehagen arbeider med området, men ser utfordringar i ballansegangen mellom medråderett og behovet for faste og strukturerte rammer for utfordrande barn i kvardagen.

## 4 – Kriterium / Kvalitetskrav

*Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, rammeplan for barnehagen 2006, lokale planar og barnehagen sine egne planar.*

*Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon i barnehagen, i tillegg til dei dokument som barnehagen har lagt fram.*

*Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av barnehagen.*



<b>Kriterium</b>	<b>Teikn på god praksis</b>
Barna deltek aktivt i planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagen si verksemd	<ul style="list-style-type: none"><li>- Barna deltek i planlegging</li><li>- Barna har ansvar for deler av gjennomføringa</li><li>- Barna har samlingsstund med hjelp av ein vaksen</li><li>- Barna gjer egne val i kvardagen</li><li>- Barna vel sjølve aktivitetar og materiell</li><li>- Barna lagar ønskeliste ved innkjøp</li><li>- Barna tar omsyn til kvarandre, respekterer at andre kan ha andre ønskjer og behov</li><li>- Personalet spør barna om deira oppleving av gjennomførte aktivitetar</li><li>- Barna sine innspel viser att i barnehagen sine planar og aktivitetar</li></ul>
Barnehageverksemda er prega av god kommunikasjon mellom personalet og barna	<ul style="list-style-type: none"><li>- Personalet lytter til barna</li><li>- Personalet samtalar med barna om barnas kvardag</li><li>- Personalet er på barnet sitt nivå og har god blikkontakt i samtalar</li><li>- Personalet motiverer alle barna til å ta egne val</li><li>- Personalet støtter barna i å gjera egne val og trekker seg når barnet meistrar situasjonane sjølv.</li><li>- Personalet legg vekt på rutinar/struktur i kvardagen slik at alle barna kan orientera seg</li><li>- Personalet har rutinar for at alle barna får høve til medbestemming</li><li>- Personalet drøftar barns medbestemming og autoriteten til dei vaksne</li><li>- Personalet legg vekt på demokrati i barnegruppa</li><li>- Barna vert møtt i garderoben ved hente- og bringesituasjonen</li></ul>
Barnehageverksemda er prega av god kommunikasjon mellom personalet og føresette	<ul style="list-style-type: none"><li>- Føresette bli møtt med respekt</li><li>- Informasjon frå føresette vert tatt på alvor</li><li>- Føresette får informasjon om aktivitetar og planar i barnehagen</li><li>- Føresette vert ofte med inn i barnehagen</li><li>- Barnehagen har rutinar for kommunikasjon med foreldra</li><li>- Føresette viser engasjement i høve til barna sin kvardag i barnehagen/F stiller krav til innhaldet i barnehagen</li></ul>
Barna sine kjensler, både kroppsleg og verbalt, vert tatt på alvor	<ul style="list-style-type: none"><li>- Barna vert møtt med respekt når dei viser kjensler</li><li>- Barna gir uttrykk for sine tankar og meiningar</li><li>- Det er sett av tid til fri lek.</li><li>- Ute- og inneområdet gjev varierte utfordringar</li><li>- Personalet har rutinar for observasjon av barnegruppa</li><li>- Personalet har rutinar for observasjon av einskildebarn</li><li>- Resultata av observasjon fører til endring av praksis</li></ul>
Det er sett av rom og tid til barnas medverknad i planar	<ul style="list-style-type: none"><li>- I årsplanen går det fram korleis barna får høve til medverknad</li><li>- Barnehagen har rutinar for innhenting/tilbakemelding frå barna</li></ul>



## 5 – Deltakarar i vurderinga

- Interne: Barn, føresette og pedagogisk personale og assistentar
- Eksterne: Torunn Polden, Trond Magne Meland og Marianne Meling.

Grunngjeving for val av informantar:

Det er viktig å involvera dei partar de partar vurderingsområdet gjeld, barn, føresette, og personal. Det valte vurderingsområdet vedkjem alle partar i barnehagen.

## 6 – Tidsbruk

*Det er avsett 1 veke til å vurdere ein barnehage. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter barnehagen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderingsparet i barnehagen i inntil 3 dagar. Barnehagen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar. Styrar vert oppdatert om arbeidet heile vegen. Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.*



## TIDSPLAN – Bjørgamarka barnehage, Voss

Tid	Aktivitet	Ansvar
31. januar	<ul style="list-style-type: none"><li>- Utdelt såstadsanalyse og bakgrunnsmateriell frå vurderingsbarnehagen</li><li>- Arbeid med glansbilde</li></ul>	Vurderarane
6. februar	<ul style="list-style-type: none"><li>- Arbeida med tidsplan</li></ul>	Vurderarane
6.februar	<ul style="list-style-type: none"><li>- Avtala vurderingsveke, veke 14, med styrar i barnehagen</li></ul>	Torunn
14. februar	<ul style="list-style-type: none"><li>- Arbeidsmøte: Ferdigstilling av glansbilde</li></ul>	Vurderarane
19. februar	<ul style="list-style-type: none"><li>- Barnehagen får glansbildet; kriteria og teikn på god praksis innan 19.februar</li><li>- Barnehagen får frist på tilbakemeldingar, evt, endringar og tillegg: seinast 26.februar</li></ul>	Marianne
27.februar kl.08.30 – 12.00 heradshuset (+evt.3.mars)	<ul style="list-style-type: none"><li>- Arbeidsmøte: Utarbeida spørreskjema og intervju/guide</li></ul>	Vurderarane
3.mars	<ul style="list-style-type: none"><li>- Senda ut påstandsskjema til;<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Personalet</li><li>▪ Føresette:</li></ul></li><li>- Senda ut innkalling til foreldremøte samt informasjonsbrev</li></ul>	Marianne
13.mars	<ul style="list-style-type: none"><li>- Retur av utfylt påstandsskjema seinast 13.mars</li></ul>	Barnehagestyrar
26.mars kl.08.30, heradshuset	<ul style="list-style-type: none"><li>- Oppsummering av påstandsskjema, tilbakemelding frå personalet og føresette</li><li>- Laga observasjonsskjema</li></ul>	Vurderarane
<b>Vurderingsveke: veke 14</b>		
Måndag 31.3	<ul style="list-style-type: none"><li>- Koma i barnehagen, klokka 09.00 presentera oss.</li><li>- Observasjon fram til klokka 14.00</li><li>- Kort rapport til styrar. Avtala tid for intervju</li><li>- Etterarbeid</li></ul>	Vurderarane
Tysdag 1.4	<ul style="list-style-type: none"><li>- Observasjon</li><li>- Intervju/samtaleguide, med personalet, 6stk; 2assistentar, 2pedagogisk leiar, 1 støttepedagog og styrar.</li><li>- Kort rapport til styrar. Avtala tid for barneintervju</li><li>- Foreldremøte klokka 20.00 (Personalet deltek ikkje)</li><li>- Etterarbeid</li></ul>	Marianne: intervju Trond M: skriv Torunn: obs Torunn: leiar foreldremøte Marianne: skriv Trond M: obs
Onsdag	<ul style="list-style-type: none"><li>- Observasjon, klokka 07.30</li><li>- Intervju/samtaleguide, med barna,</li><li>- Gi kort rapport til styrar</li><li>- Etterarbeid</li></ul>	Trond Magne: barneintervju Torunn: skriv Marianne: obs
Torsdag	<ul style="list-style-type: none"><li>- Skriva rapport</li><li>- Gi rapport til styrar, ho er ikkje med på personalmøte.</li><li>- Gi rapport (vedleggsrapport) til personalgruppa klokka 17.00. Styrar kallar inn til møte</li></ul>	Torunn: leiar møte Barnehagestyrar: kallar inn til møte
Seinast 30.september 2008	<ul style="list-style-type: none"><li>- <i>Styrar rapportera attende til barnehagefagleg ansvarleg korleis barnehagen har arbeidd med utviklingsområda sine.</i></li><li>- <i>Orienterer det politiske fagutvalet..</i></li></ul>	Barnehagestyrar



## 7 – Metodar

*For å sikra god forankring og at alle røyster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møta og intervju 5 åringar og eventuelt 4 åringar, eit utval av føresette i barnehagen og eit utval av personalgruppa; pedagogar, assistentar og fagarbeidarar. Det kan også vera aktuelt å gjennomføra observasjonar blant barn og tilsette i barnehagen.*

*For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til barnehagen, og på korleis barnehagen fungerer som organisasjon.*

*Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen i denne barnehagen er følgjande metodar nytta: Observasjon, intervju, samtale, påstandsskjema og dokumentanalyse*

### Dokument- og resultatanalyse

På førehand, etter at barnehagen hadde gjennomført ståstadsanalyse og før vurderarane vitja barnehagen, sendte barnehagen relevante dokument til vurderarane. Til dømes arbeidsplanar; årsplan, verksemdsplan, fagplanar, halvtårsplan, månadsplan, vekeplanar, møteplan og kompetanseplan. Resultat av brukarundersøkingar blant barn, føresette og personalgruppa, medarbeidarundersøking. Målekort til Balansert Målstyring.

### Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde forslag til eit glansbilete med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i rammeplan for bhg - 06, barnehagelova med forskrift og barnehagen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta i barnehagen. Barnehagen godkjende desse med små endringar.

### Påstandsskjema

I førekant av barnehagebesøket sende vurderingsparet ut påstandsskjema til nokon av partane i vurderinga. Desse vart fylt ut av assistentar/fagarbeidarar og pedagogar og deretter returnert til vurderingsparet for oppsummering.

### Samtaleguidar

For å fanga lik tematikk, har vurderarane i førekant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis førskulebarn, føresette, assistentar/fagarbeidarar og pedagogar.



#### Møte med føresette

Ein føresetnad for god barnehageutvikling er god dialog mellom heim og barnehage. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har me hatt møte med foreldrekontaktar på avdelingane;

- foreldrerepresentantane i arbeidsutvalet
- samarbeidsutvalet

#### Møte med styrar

Styrar har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som barnehagen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med styrar dannar grunnlag for gjensidig forståing av barnehagen sin no - situasjon og for vidare arbeid.

#### Observasjon

Me observerte i kvardagssituasjonar inne og ute på begge avdelingane.

## **8 – Barnehagen sine sterke sider innan vurderingsområdet**

### **Barnehagen har god fagleg kompetanse:**

Personalet er tilstades for ungene. Dei ser kvar einiskild. Dei lagar tiltak for barn som har spesielle behov, og viser stort engasjement for desse barna.

Dei er gode på pedagogisk arbeid, laga planar og å fylgja dei. Dei er flinke til å formiddla formell kunnskap. Dei jobbar godt og systematisk med det utvalde satsingsområdet; matematikk, rom og form, relatert til rammeplanen. Dei har progresjon i arbeidet som viser at i dei aldersinndelte arbeidsgruppene.

Personalgruppa er stabil og engasjert. Dei er prega av lang erfaring og har utvikla ein sterk identitet til eigen barnehage. Personalgruppa er styrka gjennom spesialpedagogiske tiltak.

Barnehagen har gode lokaler og er godt utstyrt. Dei har godt uteareal og gode høve til å bruka nærmiljøet. Noko som dei nyttar seg av, både i organisert aktivitet og spontant.

Barnehagen er prega av fast struktur, ro og orden. Barna har respekt for dei vaksne.



Metodar som personalet alt nyttar, kan lett overførast til arbeid med barn sin medråderett.

Styrrar syner stor interesse for det faglege innhaldet i barnehagen, og jobbar aktivt i samarbeid med personalet for å utvikla verksemda.

**Kommunikasjon:**

Personalet har gode rutinar for informasjonsutveksling gjennom møter og daglege samtaler.

Foreldrene er svært nøgd med barnehagen. Dei syner engasjement og stiller krav til innhald og gjennomføring. Dei vert møtt med respekt og den daglege kontakten er god. Foreldrene får viktig informasjon om barnet sitt. Foreldrene gjev konstruktive tilbakemeldingar til personalet.

Foreldra er godt nøgde med at planar har vorte meir tilgjengelege og meir utfyllande. Dei set særleg pris på månadsreferat som vert sendt til heimen.

Barna vert sett og høyrte. Personalet er tilstades for borna, og har fokus på dei i dagleg observasjon.

**Barnet sine kjensler:**

Når personalet ser at einskild barn strevar, observerer dei, drøftar og evt. set i verk tiltak. Personalet er opptekne av at barna skal ha det bra.

**Tid og rom:**

Vurderingsområdet er sett på dagsorden i årsplan, i møteverksemd og gjennom ekstern vurdering. Vidare arbeid med vurderingsområdet er planlagt og tidfesta.



## 9 – Barnehagen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet

### Utviklingsområder:

Barnehagen har eit stort utviklingspotensiale innan alle dei einskilde kriterium og teikn på god praksis innan vurderingsområdet, både planlegging, gjennomføring og vurdering. Dette kan vera eit godt utgangspunkt for arbeidet vidare. Personalet sine sterke faglege sider er eit godt utgangspunkt for vidare arbeid.

#### Den fagleg kompetanse:

Personalet har rutinar og tradisjoner som er vanskeleg å bryta ut av. Dei har etablert ein svært stram struktur for å tilrettelegja for utfordrande barn. Strukturen gjev ro og oversikt, men bør løysast opp for å gje barna større innverknad på eigen kvardag. Personalet kan med fordel sjå på andre alternative måtar å gje borna oversikt og struktur på. Strukturen og reglane som gjeld i dag, er begrunna med einskildbarn sine behov, og vert gjeldane for heile barnegruppa. Dagtavle med pictogram kan vera ein måte å gi borna oversikt og struktur i kvardagen, uavhengig av felles reglar.

Slik det er no er det nokre få barn som legg føringar for innhald, aktivitetar og medråderett.

Fokus på utfordrande barn har medført strenge reglar. Dette reduserer barn sin kompetanse i høve til å ta eign val og avgrensar barna sine moglegheiter til å utvikla sjølvstende. På grunn av like reglar for alle barna får dei ikkje høve til å ta egne val og velja aktivitetar som dei kan ta ansvar for. Me ser fleire områder der barna kan gjera avtaler enkeltvis, eller i små grupper, som vil gje barna val og utfordringar, men desse vert ikkje nytta.

Til dømes:

- besøka den andre avdelinga
- vera ute, som sjølvvald aktivitet, med tilsyn av vaksne som er inne
- vera inne, som sjølvvald aktivitet, med tilsyn av vaksne som er ute
- velja individuelle aktivitetar ut i frå egne interesser.

Personalet må sjå etter løysingar som fremjar positive åtferd, heller enn å begrensa aktiviteten.

Den stramme strukturen kan forsterka den uynskte åtferda og heller auka uro for barn med mykje energi, idear og utforskartrong.

Vurderingsgruppa stiller eit stort spørsmål ved morgonrutinane der barna må sittja i ro med tildelt bordaktivitet i inntil 1 ½ time. Til samanlikning vil men nemna skulen sin stasjonsundervisning, der fyrsteklassingar har arbeidsøkter på maks 12 minutt før dei skiftar aktivitet.



### **Kommunikasjon:**

Barna vert høyrte og personalet tek seg tid tid å samtale med barna, men omsynet til ro og struktur i gruppa, gjer at barnet sine ynskje og interesser vert sett til sides. Barna har rett til å erfara at deira stemme vert teke på alvor og har verknad i felleskapet.

Barnehagen kan med fordel jobba meir med den daglege tilbakemeldinga til foreldrene om kva som skjer i barnehagen. Til dømes gjennom aktiv bruk av biletmateriell og ved å skriv kort informasjon om kva som har skjedd denne dagen for eksempel på tavle, oppslag eller i ei dagbok som heng tilgjengeleg for foreldra.

### **Barnet sine kjensler:**

Me ser eksempel på at barn sine kjensler og meiningar ikkje vert teke omsyn til, i situasjonar der det ville vore naturleg at dei vart høyrte.

Dette er eit område som persoanelt bør verta meir medveten om. Kva seier eigentleg barnet og er dette viktig for personalet, eller barnet.

Personalet gjer eit godt observasjonsarbeid. Dette må dei nytta til å utvikla individuelle læringsmetodar også for barna med mykje energi og kreativitet.

### **Tid og rom:**

Personalet har drøfta vurderingsområdet lite og treng meir kompetanse. Korleis dei vil arbeida med temaet i barnegruppa, bør koma fram i årsplan.

Personaler bør sjå på dei punkta dei har utarbeida i sin eigne kvalitetskriterier for barns medverknad og vurdra om det er desse dei faktisk vil vektleggja i høve til tema.



## 10 – Vidare arbeid

Styrrar informerer om vidare arbeid med vurderingstemaet: Barnas medråderett.

- Personalmøte veke 15: Personalet skal gjennomføra ei vurdering av påstandsskjema som vart utvikla i eit personalsamarbeid hausten 2007.
- Styrrar og dei pedagogiske leiarane i barnehagen vil førebu temaet for vidare arbeid på planleggingsdagen i veke 15, 11. april 2008
- Planleggingsdag veke 15: vidare arbeid med temaet i heile personalgruppa
  - Setta opp nye mål
  - Arbeida med å etablera systematisk barneintervju/samtalar
  -

*6 månader etter at barnehagevurderinga finn stad, vil styrrar rapportera attende til barnehagefagleg ansvarleg korleis barnehagen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.*

Voss 03. april 2008,

Trond Magne Meland

Torunn Polden

Marianne Meling



## Vedlegg 1

# Påstandsskjema for personalet ved Bjørgamarka barnehage

Bjørgamarka barnehage har bede om vurdering på følgjande tema: Barnas medrårerett.

Barnehagen arbeider med området, men ser utfordringar i ballansegangen mellom medrårerett og behovet for faste og strukturerte rammer for utfordrande barn i kvardagen.



Dersom du er **heilt einig** i påstanden, kryssar du under 4. Dersom du er **heilt ueinig** i påstanden, kryssar du under 0. Set **berre eitt kryss** ved kvar påstand



	Påstand	4	3	2	1	0	Veit ikkje	Ikkje svar
1	Barna deltek i planlegging							
2	Barna har ansvar for deler av gjennomføringa							
3	Barna har samlingsstund med hjelp av ein vaksen							
4	Barna gjer egne val i kvardagen							
5	Barna vel sjølve aktivitetar og materiell							
6	Barna lagar ønskeliste ved innkjøp							
7	Barna tar omsyn til kvarandre, respekterer at andre kan ha andre ønsker og behov							
8	Personalet spør barna om deira oppleving av gjennomførte aktivitetar							
9	Barna sine innspel viser att i barnehagen sine planar og aktivitetar							
10	Personalet lytter til barna							
11	Personalet samtalar med barna om barnas kvardag							
12	Personalet er på barnet sitt nivå og har god blikkontakt i samtalar							
13	Personalet motiverer alle barna til å ta egne val							
14	Personalet støtter barna i å gjera egne val og trekker seg når barnet meistrar situasjonane sjølv.							
15	Personalet legg vekt på rutinar/struktur i kvardagen slik at alle barna kan orientera seg							
16	Personalet har rutinar for at alle barna få høve til medbestemming							
17	Personalet drøftar barns medbestemming og autoriteten til dei vaksne							
18	Personalet legg vekt på demokrati i barnegruppa							
19	Barna vert møtt i garderoben ved hente- og bringesituasjonen							
20	Føresette bli møtt med respekt							
21	Informasjon frå føresette vert tatt på alvor							
22	Føresette får informasjon om aktivitetar og planar i barnehagen							
23	Føresette vert ofte med inn i barnehagen							
24	Barnehagen har rutinar for kommunikasjon med foreldra							
25	Føresette stiller krav til innhaldet i barnehagen							
26	Barna vert møtt med respekt når dei viser kjensler							
27	Barna gir uttrykk for sine tankar og meiningar							
28	Det er sett av tid til fri lek.							
29	Ute- og inneområdet gjev varierte utfordringar							
30	Personalet har rutinar for observasjon av barnegruppa							
31	Personalet har rutinar for observasjon av einskildbarn							
32	Resultata av observasjon fører til endring av praksis							
33	I årsplanen går det fram korleis barna får høve til medverknad							
34	Barnehagen har rutinar for innhenting/tilbakemelding frå barna							



## Vedlegg 2

# Påstandsskjema

## for føresette ved Bjørgamarka barnehage

Dersom du er **heilt einig** i påstanden, kryssar du under 4. Dersom du er **heilt ueinig** i påstanden, kryssar du under 0. Set **berre eitt kryss** ved kvar påstand

Påstand	4	3	2	1	0	Veit ikkje	Ikkje svart
1 Personalet i barnehagen møter deg med respekt							
2 Det du fortel om barnet ditt vert tatt på alvor							
3 Du får informasjon om aktivitetar og planar i barnehagen							
4 Du får samtalar om barnet ditt med personalet ved behov							
5 Personalet kallar inn til foreldresamtalar ein eller fleire gongar i året							
6 Du stiller krav til innhaldet i barnehagen							
7 Barnet ditt får passende ansvarsoppgåver i barnehagen							
8 Barnet ditt gjer egne val i barnehagen							
9 Barnet ditt tar omsyn til andre							
10 Barnet ditt har påverka barnehagen sine planar (t.d. aktivitetar, turar)							
11 Personalet ser og høyrer barnet ditt							
12 Personalet oppmuntrar barnet ditt til å ta egne val							
13 Personalet har gode rutinar og struktur i barnehagekvardagen slik barnet lett kan orientera seg og kjenna seg trygg							
14 Personalet legg vekt på demokrati i barnegruppa							
15 Personalet tek imot barnet ditt om morgonen							
16 Personalet tek farvel med barnet ved henting							
17 Personalet respekterer barnet ditt sine kjensler							
18 Barnet ditt gir uttrykk for sine tankar og meiningar							
19 Barnet ditt får tid til å leika i barnehagen							
20 Barnet ditt har varierte utfordringar ute							
21 Barnet ditt har varierte utfordringar inne							
22 Personalet har gode rutinar for å observera barnet ditt							
23 Resultata av observasjon fører til endring av praksis							
24 Det går fram av årsplanen korleis barna får høve til medverknad							



### Vedlegg 3

## Intervjuguide – 5-åringar i barnehagen

Namn på barnehagen:

Dato:

Alder:

Kjønn: gut\_\_\_ jente\_\_\_

1. Når du har hatt fri laurdag og søndag, korleis ser du ut i ansiktet ditt når du byrjar i barnehagen att (på måndag)?



2. Er det nokon som tar i mot deg når du kjem i barnehagen?

3. Kan du sjølv velja kva du vil halda på med i barnehagen?

*Døme:* Tur, påkledning, samling, måltid, uteleik.

4. Har du hatt ansvar for samlingsstund?

5. Dersom du spør om å få lov til noko, er det mest slik at dei vakne får det på sin måte, eller pleier du å få det slik du vil?

6. Er du med å lage handlelista?

7. Spør dei vaksne om kva du synest om det de gjer på i barnehagen?

*Tur, samling, måltid, uteleik, inneleik, kvilestund, vera saman med andre, anna...*

8. Er det noko i barnehagen som du må vera med på, men som du ikkje har lyst til å vera med på?

*Døme:* Grupper, klubb, samling, tur, uteleik, inneleik, kvilestund, vera med andre, anna...

9. Kva gjer du når du er ueinig med dei andre?

10. Kva gjer de vaksne når barna er ueinige?



11. Når du snakkar med ein vaksen i barnehagen, er det mest berre du og den vaksne som snakkar saman då, eller pleier det å vera fleire barn som snakkar saman med dykk?
12. Når du fortel noko i barnehagen, t.d. i samlingsstunda eller når du ete mat, pleier du å få snakka ferdig då?
13. Når du kjem i barnehagen veit du kva som skal skje?
14. Korleis kan du finna det ut?

*Døme:* Veit ikkje , Sjå på planar, Spør ein vaksen, Piktogram, Tenkja attende på det me har planlagt

15. Når dei vaksne i barnehagen seier noko til deg, snakkar dei mest om hyggjelege eller ikkje hyggjelege ting? Fortel!
16. Trur du dei vaksne synest det er kjekt å koma i barnehagen
17. Fortell dei vaksne i barnehagen kva du har gjort på i barnehagen til mamma og pappa?
18. Snakkar dei vaksne om ting du likar / ikkje likar
19. Er det noko du likar godt å gjera i barnehagen? Fortel!  
- Er dette noko du får gjera ofte?

20. Pleier du å vera svolten når du ete i barnehagen?

Frukost:      ja\_\_\_            nei\_\_\_  
Lunch:        ja\_\_\_            nei\_\_\_  
Frukt:        ja\_\_\_            nei\_\_\_

21. Kan du sjølv velja kor mykje mat du vil eta til lunch?
22. Kan du sjølv velja kva pålegg du vil smørja på skivene dine i barnehagen?
23. I nokon barnehagar går barna frå bordet når dei er ferdige med å eta maten sin, i andre barnehagar må dei venta til alle har ete ferdig. Korleis er det her?
24. Kva synest du om den ordninga?
25. Får du leika med andre barn så masse du vil?
26. Er det nokon du har lyst til å leika med, men som du ikkje får leikt med? Fortel!
27. Får du leika nok i barnehagen?



28. Er leikene i barnehagen mest morosame eller mest kjedelege?  
- Får du vera med å bestemma kva leiker barnehagen skal kjøpa?

29. Kva likar du best av inneleik eller uteleik?  
- Får du sjølv bestemme om du vil vera ute eller inne?

30. Kva synest du det er mest av i barnehagen, må-ting eller velja sjølv-ting?

31. Er det noko i barnehagen du gjerne ville bestemt, men som du ikkje får lov til å bestemma? Fortel!

32. Synest du dei vaksne koser og klemmer deg for masse, passelig eller for lite?

33. Når du er i barnehagen:

	Masse	Lite
a) er du masse eller lite lei deg?	___	___
b) kranclar du masse eller lite med andre barn?	___	___
c) ler du masse eller lite?	___	___
d) få du masse eller lite kjeft?	___	___

34. Synest du det er masse eller lite venting?

*Døme:*

	Masse	Lite
a) for å få hjelp	___	___
b) for å få snakka	___	___

35. Synest du det er masse eller lite som er morosamt i barnehagen?

*Døme:*

	Masse	Lite
a) _____	___	___
b) _____	___	___

36. Kven er dei vaksne mest saman med? ...dei minste eller dei største barna?

37. Skulle dei vaksne vore meir saman med deg?

38. Kva ansikt har du mest av når du er i barnehagen?



39. Kor fornøygd er du med barnehagen?



## Vedlegg 4a

Kriterium	Observasjon - vurderarane såg:
Barna deltek aktivt i planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagen si verksemd	
Barnehageverksemda er prega av god kommunikasjon mellom personalet og barna	
Barnehageverksemda er prega av god kommunikasjon mellom personalet og føresette	
Barna sine kjensler, både kroppsleg og verbalt, vert tatt på alvor	
Det er sett av rom og tid til barnas medverknad i planar	



## Vedlegg 4b

Kriterium	Observasjon - vurderarane såg:
Barna deltek aktivt i planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagen si verksemd	
Barnehageverksemda er prega av god kommunikasjon mellom personalet og barna	
Barnehageverksemda er prega av god kommunikasjon mellom personalet og føresette	
Barna sine kjensler, både kroppsleg og verbalt, vert tatt på alvor	
Det er sett av rom og tid til barnas medverknad i planar	



## Vedlegg 5a

Kriterium	Intervju - personalet seier:
Barna deltek aktivt i planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagen si verksemd	
Barnehageverksemda er prega av god kommunikasjon mellom personalet og barna	
Barnehageverksemda er prega av god kommunikasjon mellom personalet og føresette	
Barna sine kjensler, både kroppsleg og verbalt, vert tatt på alvor	
Det er sett av rom og tid til barnas medverknad i planar	



*Hardanger / Voss kompetanseregion*  
*Vurderingsgruppa for barnehage*

## **Vedlegg 5b**

**Intervju - personalet seier:**

**Me er gode på:**



## **Vedlegg 6**

# Foreldremøte

- Er barns medverknad eit viktig tema?
- Har de fått informasjon om temaet barnsmedverknad?
- Ynskjer de informasjon?
- Ynskjer de som føresette å påverka?
- Ynskjer barnet ditt å påverka eigen kvardag?
- Kva er det viktig at barna får påverka?
- Kva kan barnehagen gjera?
- Elles sa dei: